

Vind Kraft Forum 2010

**Vindkraft og muligheter
for ny næringsutvikling**

Måløy 2. og 3. mars 2010



Terje Riis
Johansen



Åslaug Haga



John Olav Tande



Bjørn
Drangsholt



Sjur Bratland



Velkommen til Vindkraftforum 2010

Vindkraftforum
SOGN OG FJORDANE

Vindkraft er ei av verdas raskast veksande energiformer. Dei neste 5-10 åra vil det bli bygd opp ein ny industri i Europa knytt til offshore vind, ein marknad med årleg verdiskaping på 50-70 mrd kr årleg og 150- 200.000 nye arbeidsplassar – samt teknologiutvikling på brei front for å kunne "ta vindkraft til havs" for alvor.

Sogn og Fjordane har eit spesielt godt utgangspunkt for utvikling av aktivitet og næringsutvikling knytt til vindkraft. Vi har dei største vindressursane i Sør-Noreg til lands og til havs, framtidig nettkapasitet, gode prosjekt til lands og til havs (Lutelandet, Testområde Stadt, Stadtvind m fl) og ein sterk maritim leverandørindustri som allereie er i gang med teknologiutvikling inn mot vindkraftbransjen.

Vindkraftforum Sogn og Fjordane vart skipa hausten 2009 for å "sikre utbygging og drift av vindkraft på brei front i Sogn og Fjordane, med størst mogeleg tilhøyrande verdiskaping." Vi representerer Sogn og Fjordane i nasjonale nettverk knytt til vindkraft, og vil bidra til at vårt fylke blir ein del av "landslaget" som no skal byggast nasjonalt innanfor offshore vindkraft på næringsutvikling, testaktivitet og framtidig utbygging. Samtidig vil vi vere pådrivarar for at Sogn og Fjordane skal ta ut det potensialet fylket har for vindkraftsatsing på land. Meir info finn du på www.vindkraftforum.no

Vi er glade for å ha med oss sentrale nasjonale aktørar innanfor vindkraft som NOWITECH, NORWEA og Navitas Network på å få i stand Vindkraftforum 2010 i Måløy. Vi kan by på eit toppa lag av innleiarar, med Olje- og energiminister Terje Riis-Johansen i spissen. Vi skal i løpet av dagen både dra opp overordna visjonar om vindkraftutbygging på Nordvestlandet, synleggjere konkrete muligheiter for næringslivet i dei store offshore vindsatsingane som m.a. Statoil og Statkraft skal i gang med på engelsk sokkel, og presentere kva som allereie er på gang innanfor vindkraft i Sogn og Fjordane.

Vindkraft-toget går ikkje ein gong i framtida – det går no! Velkommen til Vindkraftforum 2010 i Måløy.

Alfred Bjørlo

styreleiar Vindkraftforum Sogn og Fjordane

Program Vindkraftforum 2010:

Tysdag 2. mars

- 12:00-12:45 Lunsj og registrering
- 12:45-12:50 Opning, **Nils R. Sandal, Fylkesordfører Sogn og Fjordane**
- 12:50-13:05 Kan vi leve av vinden?
Vindkraft som framtidsnæring i Sogn og Fjordane
Alfred Bjørlo, Styreleiar Vindkraftforum Sogn og Fjordane
- 13:05-13:30 Offshore vind: Et nytt norsk energi- og industrieventyr?
Terje Riis-Johansen, Olje og energiminister
- 13:30-13:50 Vindkraft på Nordvestlandet: Planar og perspektiv for nærings-
utvikling (vind på land, Havsul, Testområde Stadt)
Stig Svalheim, Vestavind Kraft/Vestavind Offshore
- 13:50-14:05 Elektrifisering av sokkelen fra Sogn og Fjordane
– en mulighetsstudie
Magnus Korpås, SINTEF Energiteknikk
- 14:05-14:20 Behovet for nasjonalt test- og utviklingsprogram for
offshore vind. **John Olav Tande, NOWITECH**
- 14:20-14:40 Slik bygger vi en norsk vindkraftindustri
Åslaug Haga, Norsk Industri
- 14:40-15:00 Spørsmål/diskusjon

KAFFE/LETT SERVERING

- 15:20–15:45 Store offshore vindparker – planlagte utbygginger.
Hva kan industrien på Nordvestlandet bidra med?
Bjørn Drangsholt, Statkraft
- 15:45–16:10 Hywind: Erfaringer med verdens første fullskala flytende
havvindmølle og veien videre.
Sjur Bratland, Statoil

- 16:10–16:25 Vindkraft som forretningsområde: Et praktisk eksempel.
Endre Kvalheim, EasyForm
- 16:25-16:40 NTNU: Nasjonal ressurs for regional næringsutvikling
Johan Hustad, prorektor NTNU
- 16:40-17:00 Spørsmål/diskusjon

KAFFE/LETT SERVERING

- 17:20-17:35 Norsk vindkraftsatsing: ENOVAs rolle
Espen Borgir Christophersen, ENOVA
- 17:35-17:50 Et nasjonalt nettverk for leverandørbedrifter
til vindkraftindustrien
Morten Bygland, Navitas Network
- 17:50-18:00 Avslutning: Nasjonale visjoner – lokal satsing
Arvid Andenæs, banksjef Sparebanken Sogn og Fjordane
- 19:30 Konferansemiddag på Restaurant Kraftstasjonen

Før konferansen, ca. kl. 9-12, blir det mulig å besøke verksemder i Måløy som arbeider med vindkraft. Sjå meir info på nettsidene til Vindkraftforum.

Onsdag 3. mars

- 09:00 Representantskapsmøte og workshop Vindkraftforum
Sogn og Fjordane. Strategien fremover.
- 11:00 Diskusjon og avslutning
- 12:00 Lunch

For påmelding og praktisk info:
www.vindkraftforum.no



Velkommen til vindkraftbyen Måløy



Rein energi frå havet er framtida. I Måløy er framtida komen. Ei rekke bedrifter og teknologimiljø i Måløy opererer allereie innanfor offshore vindkraft og andre former for rein energi:



EasyForm/BestMould – design, produktutvikling og produksjon av plugg/form i kompositt. Har Nord-Europas største robotiserte fresemaskin. Leverer original-støpeformer av vindmølledeklar til vindkraftindustrien internasjonalt.

Stadt Towing Tank – hydrodynamisk testtank (182 m langt testbasseng). Modelforsøk i realistiske hav- og bølgeforhold med avansert, nyutvikla teknologi, mellom anna inn mot offshore vind.

Måløy Verft – har under bygging ein nyutvikla, nedsenkbar katamaran spesialkonstruert som service- og forsyningskip for vindmølleparkar til havs. Båten er tegna av **Sivilingeniør Ola-Lilloe Olsen**, 3Dmodellering er gjort av **NordWest3D** og båten blir konstruert i samarbeid med EasyForm, BestMould og Stadt Towing Tank.

Brothers AS – har under utvikling eit nytt konsept for entring av offshore vindmøller frå båt: SeaBridge. Produktutviklinga skjer i samarbeid med Statoil.

Sikkerheitssenteret i Måløy – med Norges mest avanserte skipssimulatormiljø. Har ferdig utvikla 360 graders simulatormodellar for offshore vindparkar, og kan teste ut alle typar marine operasjonar knytt til offshore vindkraft.



Vestavind Kraft – har fått konsesjon frå NVE på eit nettverk av testområde for fullskala, flytande offshore vindturbinar rett utanfor Måløy, Testområde Stadt. Har også førehandsmeldt ein fullskala offshore vindpark i same område, Stadtvind.

Kvalheim Kraft/Zephyr – eig Mehuken vindpark utanfor Måløy som for tida er under utbygging med åtte nye turbinar. Ferdig utbygd vil Mehuken produsere nok straum til å dekke forbruket til alle husstandar i kommunen. Det vil bli oppretta ei driftsbasis for vindparken i Måløy.

Havkraft – teknologibedrift i Måløy med nytt konsept for bølgekraft under oppbygging.

Mange av desse bedriftene kan du sjå og møte under Vindkraftforum 2010 den 2. mars!

